

## Referat frå styremøte nr. 6-2018

**Dato:** 27. august 2018

**Tid:** kl. 09.30-11.30

**Stad:** Kunnskapsparken-bygget ved NTNU i Ålesund, møterom Ørnetua i 3. etasje

### Til stades:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)  
Nestleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Eva Hove (ordfører i Stordal kommune)  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune)  
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)  
Styremedlem Andreas Chr. Nørve (rådmann i Vanylven kommune)

### Andre:

Styreleiar Bjørn Sandnes i Nordøyvegen AS  
Tidlegare styreleiar Oddbjørn Vatne i Nordøyvegen AS

### Sak 29/2018: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

### Sak 30/2018: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 25.06.2018 (nr. 5-2018)

Framlegg til referat følger vedlagt. Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vert handsama på neste styremøte.

### Sak 31/2018: Nordøyvegen

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Han sa at målet med møtet er at styret kjem med ein felles uttale om Nordøyvegen.

Styreleiar Bjørn Sandnes i Nordøyvegen AS orienterte om traseen, historikken, byggearbeidet som er utført og finansieringsplanen. Sandnes viste til at det fylkeskommunen sparer på ikkje å ha ferjer på sambanda dekkjer inn utgiftene med Nordøyvegen.

Styremedlem Andreas Chr. Nørve orienterte om konklusjonen i saka om Nordøyvegen på ordfører- og rådmannsmøtet på søre Sunnmøre 17.08.18.

Styret samla seg om følgjande felles uttale om Nordøyvegen:

«Uttale frå styret i Sunnmøre Regionråd om Nordøyvegen

Sunnmøre Regionråd er på styremøte 27.08.18 blitt orientert om Nordøyvegen av styreleiar Bjørn Sandnes og tidlegare styreleiar Oddbjørn Vatne i Nordøyvegen AS.

Nordøyvegen vart endeleg vedteken av fylkestinget i desember 2016. Etter opning av anbudet er det konstatert eit kostnadsavvik. Konsekvensane av dette er no til utgreiing hos fylkesadministrasjonen. I denne utgreiingsperioden er det uheldig å konkludere før ein har saka på bordet. Nordøyvegen er av stor samfunnsmessig betydning for Sunnmøre. Det er difor viktig at saka vert handtert gjennom dei offisielle politiske kanalane i fylkestinget 16.10.18.

Styremedlem i Sunnmøre Regionråd Andreas Nørve orienterte om vedtak i ordfører- og rådmannsmøte på søre Sunnmøre 17.08.18, der konklusjonen jf. møtereferatet var : «Det føregår eit utgreiingsarbeid og vi må avvente meir informasjon. Bør vere sak i Sunnmøre Regionråd. Styremedlemmar frå Søre tek saka opp på styremøtet i regionrådet, den 27.08.18». Dette viser at det ikkje er noko konflikt mellom søre og nordre Sunnmøre i saka.

Nordøyvegen vert sak på representantskapsmøtet i Sunnmøre Regionråd 05.10.18.»

**Sak 32/2018: Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.